



### **§ 9 A opplæringslova:**

Alle elevar i grunnskulen har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

### **Mål for Hafslo barne- og ungdomsskule:**

- Ha førebyggjande tiltak ved skulen. Fremje trivsel og læring gjennom fokus på respekt, ansvar og omsorg
- Ha rutinar for å avdekke mobbing.
- Ha rutinar for å følgja opp mobbeoffer og ”mobbar(ar)” .

Me vil at alle skal trivast på skulen vår, og at elevane skal utvikle ansvarskjensle, vise respekt og omsorg for andre.

### **Mål for tiltaksplan (handlingsplanen):**

Å førebyggja og avdekka mobbing på skulen og på skulevegen.

Å løysa ein mobbesituasjon etter dei retningslinjene som denne planen gjev.

### **Definisjon av mobbing:**

Ein person er mobba når han eller ho, fleire gonger og over ei viss tid, er utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar.

Mobbing kan skje fysisk, psykisk, verbalt eller ved utestenging. Det må vera noko ubalanse i styrkeforholdet.

Det er viktig å avklara omgrepet mobbing med elevar, føresette og tilsette, for å kunna skilja mellom uskuldige og alvorlege handlingar.

## **Førebygging:**

Systemnivå:

- Personalet skal ha felles normer for det førebyggjande arbeidet gjennom PALS-programmet.
- Pedagogiske samtalegrupper tek opp problem og bestemmer kva som er akseptabel åtferd på skulen. Forventa åtferd vert regelmessig lært elevane (regelmatriser).
- Personalet må samarbeida og støtta kvarandre i det førebyggjande arbeidet og i løysing av eventuelle mobbesituasjonar.
- Inspeksjonssystem. Faste reglar for inspeksjon ute (eigen inspeksjonsinstruks).
- Avvik i åtferd skal registrerast på hendingsrapportar og først i SWIS. Pals- teamet (der i blant rektor) les av desse minimum ein gong i veka.
- Alvorlege avvik skal rapporterast direkte til rektor omgåande.
- Informasjon til nye lærarar.
- Spørjeundersøking.

Klassenivå:

- Felles norm for akseptabel åtferd i klasserommet, gang, garderobe, toalett, uteområdet, skulevegen og ved felles samvær (PALS-programmet).
- Evaluering av ”pals-reglane” skal skje med jamne mellomrom – elevane skal takast med i denne prosessen.
- Palstime: Faste opplæring / repetisjon i klassen om forventa åtferd på ulike arena på skulen.
- Arbeida med klassemiljøutvikling og sosial kompetanse gjennom blant anna palsprogrammet (1-10. klasse), Steg for steg (1-4. klasse) og andre sosiale føretak i klassane (klasseturar, elevkveldar osv.).

## **Avdekking:**

Endringar i eleven si åtferd kan vera teikn på mobbing:

- Sjuk utan å vera sjuk
- Held seg nær dei vaksne.
- Vil ikkje ut i friminutta.
- Står, går mykje åleine.
- Er mykje saman med yngre elevar.
- Konsentrasjonsvanskar.
- Skuleprestasjonane vert dårlegare.
- Er triste/deprimerte.
- Meldingar eller hentydningar om plaging eller vantrivnad.
- Registreringar i SWIS.

## **Kven:**

Kontaktlærer tek opp temaet mobbing:

- Som fast innslag i elevsamtalar.
- Som fast innslag i foreldresamtalar.
- Jamleg i ”palstimen”.
- Kollegiet tek opp temaet mobbing ved mistanke om mobbing, Dette vert teke opp jamleg i palsprogrammet.
- Foreldra skal informerast om Pals-arbeidet og arbeidet med det psykososiale miljøet på foreldremøte kvar haust.

## Kvar:

Dei vaksne må registrera uforklarleg endring av åtferd hjå einskildelevar og grupper av elevar.:

- I klasserommet.
- I korridorar.
- I garderobar.
- På skulen sitt uteområde.
- Heim og skule må registrera negativ åtferd mot einskildelevar også på skulevegen og skulebussen.

## TILTAK OM MOBBING VERT AVDEKKA

### A. Overfor mobbeoffer:

Tiltak	Ansvarleg
Samtale med mobbeofferet.  Her vil klassestyrar ha tilgjenge til rettleing for slik samtale.	Klassestyrar (Palsteamet)
Samtale med foreldra.	Klassestyrar (Palsteamet)
Felles møte mellom foreldra til mobbeoffer og foreldra ti mobbar(ane).  Slikt møte vert halde ved alvorlegare tilfelle og der det vert gjentakning.	Klassestyrar + inspektør eller rektor
Samtale om mobbing i klassen til mobbeofferet.	Klassestyrar (Palsteamet)
Alle dei vaksne i skulesamfunnet skal informerast for å passa på og observera ved inspeksjon. I alvorlege tilfelle vil ein måtta setja inn ekstra vakt.	Undervisningsinspektør.
Tiltak for å gje vedkommande støttande vennegruppe på skulen og fritida. Fadderordning	Klassestyrar og medelevar
Oppfølgingssamtalar ei god tid fram for å sikra at det er slutt på mobbinga. Også nær kontakt med heimen om det same	Klassestyrar (Palsteamet)

Det er ikkje alltid at alle mobbesaker kan handsamast etter det same mønsteret. Alder på dei aktuelle elevane,m.m. kan gjera at ein må gjera vurderingar undervegs, men som ein hovudregel vert dette skjemaet nytta.

### **B.Tiltak overfor mobbar(ar):**

<b>Tiltak</b>	<b>Ansvarleg</b>
Individuell samtale med mobbar(ar). Her skal samtalen vera med ein og ein sjølv om dei er fleire, og ein vurderer taktisk kva rekkjefølgje ein skal ta. Skriftleg rettleiing er tilgjengeleg for den som har samtalen	Klassestyrar (Palsteamet)
Samtale med alle mobbarane saman. Også her vil det vera rettleiing for den som gjennomfører gruppesamtalen Som ovanfor vil klassestyrar her kunna støtta seg til skriftlege råd frå fagfolk ved gjennomføring av samtalen.	Klassestyrar (Palsteamet)
Samtale med foreldra til mobbar(ane). Skulen informerer om kva som har skjedd ,og saman blir dei to partane samde om vidare tiltak som kvar part set i verk.	Klassestyrar (Palsteamet)
Felles møte mellom foreldra til mobbeoffer og mobbar(ar). Dette vert arrangert ved alvorlege tilfelle, og der mobbinga ikkje vil stoppa.	Klassestyrar og inspektør eller rektor
Vert observert ekstra i frikvarter og stader der mobbing kan føregå.	Inspektør
Om naudsynt setja i gang refsingstiltak som: Åleine i friminuttar Sitja for seg sjølv i timane Bli nekta deltaking på ekskursjonar Nedsetjing av karakter i åtferd (u-skulen) Utvising for kortare periodar	Rektor/inspektør i samråd med klassestyrar.

Oppsettet ovanfor vil bli nytta ved dei aller fleste tilfelle, men m.a. alder på dei aktuelle mobbarane gjer at ein av og til må ta i bruk andre tiltak. Det kan vera aktuelt å trekka inn ressursar som PPR, skulehelsetenesta og andre i enkeltsaker. Dette er ei vurdering rektor må gjera ved kvart enkelt tilfelle og i samråd med foreldra.